

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato: 14.04.2005  
Sakhandsamar: Hans Stenby  
Saka gjeld: **Godkjenning av utbygging av nytt distriktspsykiatrisk senter på Sola, Helse Stavanger HF**

**Styresak 43/05 B**

**Styremøte 25.04. 2005**

---

## Bakgrunn

I samband med Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 skal Helse Vest RHF realisere 18 byggeprosjekt. Det er prosjekt som er godkjende og finansierte med investeringsmidlar i opptrappingsplanen.

Av disse 18 prosjekta er 5 ferdige og 1 er under bygging. Dei resterande er under planlegging.

I Helse Stavanger HF er det to byggeprosjekt innan opptrappingsplanen, ny poliklinikk for barn og unge i Stavanger og eit nytt distriktspsykiatrisk senter innan vaksenpsykiatrien.

Ein legg her fram sak om utbygging av nytt distriktspsykiatrisk senter på Sola, Sola DPS, til godkjenning av styret i Helse Vest RHF.

Som grunnlag for saka er det utarbeidd eit skisseprosjekt for nytt distriktspsykiatrisk senter. Skisseprosjektet skal leggjast til grunn for ein anbodskonkurranse i form av ein totalentreprise. Til vanleg blir slike saker lagt fram for styret i Helse Vest RHF basert på forprosjekt. Utarbeidning av forprosjekt vil med denne entrepriseforma inngå i anbodet.

## Saksopplysningar

### 1. DPS-strukturen i Helse Stavanger HF

Med bakgrunn i brev frå Helse- og omsorgsdepartementet er det gjort ein fornja gjennomgang av DPS-strukturen i Helse Stavanger, jf sak 103/04 og sak 20/05 i styret i Helse Vest RHF.

Sola DPS vil også etter den nye gjennomgangen vere eit av dei distriktspsykiatriske sentra på Nord-Jæren. Senteret vil dekkje Sola kommune og fleire bydelar i Stavanger kommune.

## 2. Funksjoner som skal dekkjast i bygget

Sola DPS skal vere eit fullverdig DPS i tråd med DPS-modellen i opptrappingsplanen, Senteret skal ha ansvar for dei allmennpsykiatriske tenestene for et nærmere avgrensa geografisk område.

Senteret skal ha:

- polikliniske tenester inkludert krisehandtering og ambulante tenester
- dagtilbod og gruppepoliklinikk
- døgntilbod inkludert korttidsopphald- og krisemottak og lengre behandlings- og rehabiliteringsopphald

## 3. Dimensjonering

Sola DPS er planlagd med:

- 21 fagstillingar knytt til poliklinikk, ambulante team og gruppepoliklinikk
- 15 dagplassar
- 30 døgnplassar

Det er forventa ca 10 000 polikliniske konsultasjon og 200 til 250 døgnopphald pr år.

Opptaksområde vil vere Sola kommune og deler av Stavanger kommune etter den nye planen.

## 4. Arealrammer

Prosjektet har eit bruttoareal på 4 243 kvm som gir ein brutto/nettofaktor på 1,55. Det betyr eit prosjektert nettoareal på 2 743 kvm.

I tillegg kjem 65 kvm bruttoareal til garasje, trafo og bod ute.

I samband med opptrappingsplanen blei det frå departementet si side laget nokon vegleiane arealnormer som og blei lagt til grunn for berekning av kostnader. Det blei her lagt til grunn 130 kvm brutto pr døgnplass i eit DPS. Det var inklusiv areal til poliklinikk og dagtilbod. For Sola DPS med 30 døgnplassar vil det medføra ei arealramme på 3 900 kvm.

## 5. Bemanning og drift

Det er laget ein førebels bemanningsplan med ca 91.5 årsverk. Det er basert på vegleiane retningsliner i Regional opptrappingsplan for Helse Vest RHF.

Av dette er ca 40 stillingar planlagt som nye stillingar, medan dei resterande er stillingar som er planlagde overflytta frå eksisterande verksemد, dvs frå Klokkgarden og poliklinikken i Stavanger. Klokkgarden psykiatriske senter vil bli avvikla når det nye senteret står ferdig.

Reduserte driftsutgifter til leige på Klokkgarden kan dekkje økte driftsutgifter til nytt bygg.

Dei nye stillingane er planlagde dekka innafor Helse Stavanger si del av nye midlar i opptrapingsplanen.

## 6. Investeringskostnader

Med ein margin på 10 % er samla prosjektkostnad for bygg rekna til 99,7 mill. kr. Det inkluderer meirkostnader som følgje av därlege grunnforhold på ca 4,8 mill. kr.

Inventar/brukarutstyr er rekna til 8,4 mill. kr. Tomtekostnaden er på 3,6 mill. kr.

Det gir ein samla kostnad basert på skisseprosjektet på 111,7 mill. kr. Det tilsvarer ein kvadratmeterpris på kr 26.300.

I samband med berekning av investeringeskostnader i opptrapingsplanen la departementet til grunn kr. 20 000 pr kvm basert på kostnader i 2001. Prisjustert vil dette utgjere ca kr 22 600 i 2004.

Ei kostnadsbereking basert på retningsliner for areal og departementet sin prisjusterte kvadratmeterpris vil gi ein samla kostnad på ca 88 mill. kr.

## 7. Lokalisering

Sola DPS er foreslått lokalisert til Sandesletta sentralt i Sola kommune. Tomta er eigd av Sola kommune og det er gjort avtale om erverv av tomta til sjølvkost.

## 8. Uttale frå Sosial- og helsedirektoratet

Det er bedt om ein fagleg uttale frå Sosial- og helsedirektoratet på prosjektet. Direktoratet har ikke hatt kapasitet til å gi ei slik uttale nå.

## 9. Styrevedtak i Helse Stavanger HF

Styret for Helse Stavanger behandla i møtet 16.11.04 utbygging av distriktspsykiatrisk senter på Sola, jf sak 86/04 B1. Styret uttaler innleiingsvis:

Styret ber prosjektgruppen se på muligheter for å få ned enhetsprisene. Vedtatt kostnadsramme må ikke overskrides.

Styrets fatta elles følgjande vedtak:

1. Forslag til skisseprosjekt for DPS Sola godkjennes som grunnlag for videre arbeid med prosjektet og som grunnlag for eventuell igangsettelse av totalentreprise for byggearbeidene. Styret legger til grunn en foreløpig kostnadsramme på kr. 110 mill (oktober 2004) – alt inkludert.
2. Styret er innforstått med at prosjektet er under bearbeidelse med sikte på kostnadsreduserende tiltak og kontraktstrategi for å oppnå en mest mulig nøktern standard og kostnadseffektiv gjennomføring.

3. Forslag til endelig rammer for utbyggingsprosjektet vil bli framlagt for styret for vedtak.
4. Ved utlysing av anbudskonkurranse må det tas forbehold om at styret vil kunne forkaste utfallet av konkurransen dersom resultatet ikke er tilfredsstillende.
5. Prosjektet er basert på de virksomhetsplaner som er beskrevet i vedlegg til saksframlegget. Styret forutsetter at administrasjonen legger dette til grunn for det videre arbeid slik at driften kan iverksettes på en mest mulig effektiv måte når de bygningsmessige arbeider er gjennomført.

## 10. Oppsummering/vurdering

Helse Vest RHF skal sørge for at dei aktuelle investeringsformåla i opptrappingsplanen blir realiserte i planperioden. Nytt distriktspsykiatrisk senter i Helse Stavanger lokalisert til Stavangerområdet er eit slikt formål.

Det er nå utarbeidd eit skisseprosjekt for det nye DPS-et som er foreslått lokalisert til Sola kommune. Skisseprosjektet skal ligge til grunn for anbodskonkurranse basert på ein totalentreprise.

DPS-et er planlagt som eit heilskapeleg og samla DPS i tråd med føringane i opptrappingsplanen. Det er tilrettelagt for omfattande poliklinisk verksemd og ambulante tenester i tråd med nye faglege tilrådingar i opptrappingsplanen.

DPS-et vil bli innpassa i samla DPS-struktur i Helse Stavanger med eit klart opptaksområde.

Arealramma ligg noko høgt i høve til tidlegare anbefalingar i opptrappingsplanen. Normen på 130 kvm brutto pr sengeplass må nyttast med skjønn. Det viser også erfaring i frå andre tilsvarende prosjekt. Prosjektet bør likevel gjennomgåast med sikte på å oppnå ein reduksjon i samla arealramme.

Arealramma har i neste omgang konsekvensar for investeringskostnadene og driftskostnadene for bygget. Investeringskostnadane er nå berekna til 111,7 mill. kr. Styret i Helse Stavanger HF har lagt til grunn ei foreløpig ramme på 110 mill. kr totalt men samstundes gitt signal om å arbeide meir med prosjektet for å komme ned i kostnad.

Ei samanlikning av kostnader i ulike prosjekt kan vere vanskeleg fordi ein ofte ikkje veit med sikkerheit om alle kostnadane er tatt med. Pris vil og vere avhengig av lokale grunnforhold og marknadsforhold. Både nytt DPS i Sogndal (Indre Sogn Psykiatrisenter) og Stord DPS har likevel ein klart lågare pris pr kvadratmeter.

Samla betyr dette at det må arbeidast meir med prosjektet med sikte på å kome ned i pris.

Noverande leigeutgiftar for Klokbergarden er antatt å dekkje driftskostnadane for bygget.

Når det gjeld drifta av det nye DPS-et er skal den dekkjast ved omdisponering av personell og tilsvarende driftsutgifter ved Klokbergarden psykiatriske senter. Deler av poliklinikken i Stavanger skal og overflyttast. Dei resterande driftsutgiftane skal dekkjast opp ved nye midlar i opptrappingsplanen.

Det gir eit realistisk driftsgrunnlag for DPS-et.

Sola DPS er ein viktig institusjon i den samla DPS-strukturen i Helse Stavanger. Helse- og omsorgsdepartementet har framleis ikkje gitt si vurdering av det nye forslaget som blei vedteke av styret i Helse Vest 28.02.05. Det kunne vere rimeleg å avventa godkjenning av dette prosjektet til departementet si vurdering var klar.

Det er samstundes eit sterkt press på Helse Vest for å realisere dei byggeprosjekta som er ein del av opptrappingsplanen og det er styringsdokumentet sagt at DPS-strukturen skal vere på plass i 2006. Sola DPS er ei viktig brikke i DPS-strukturen i Helse Stavanger.

Det blir med bakgrunn i dette tilrådd at prosjektet no blir godkjend men at det vert sett ei øvre kostnadsramme på prosjektet. Denne vert sett til 100 mill. kr.

Det må også arbeidast med tiltak som kan redusere kostnadane meir dersom det er nødvendig etter anbodsinnhenting.

## **Forslag til vedtak**

1. Helse Vest RHF skal sørge for at aktuelle byggeprosjekt i Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 blir gjennomført.
2. Helse Vest RHF godkjenner utbygging av nytt distriktspsykiatrisk senter, Sola DPS, i Helse Stavanger HF innafor ei øvre kostnadsramme på 100 mill. kr.
3. Investeringskostnadene skal dekkast innafor tildelte investeringsmidlar til Helse Stavanger HF.
4. Driftskostnadene skal dekkast ved omdisponering innan noverande rammer og med nye midlar i opptrappingsplanen. Drifta må tilpasses tilgjengelige midlar.